



LINDÅS KOMMUNE

TEKNISK SJEF
5100 ISDALSTØ

TELEFON 56 35 05 55
TELEFAX 56 35 28 00

ARKIV

Bernt Helen Arkitekter AS
Nedre Hamburgersmauet 7B

5018 BERGEN

Dykkar ref.

Vår ref.

Dato: 29.12.98

FF0/98/3293/212/065/001

SAK 261/98 BYGGESAK - SØKNAD OM RAMMELØYVE FOR TILBYGG TIL FRITIDSBUSTAD, OG FOR CARPORT, ANNEKS, NAUST - NYBYGG LIEN TOR - GNR.212, BNR.065,066,068 - EIKANGER ØVRE

Saka er handsama av bygningssjefen etter fullmakt frå rådmannen.

Dokument:

Dokument som er mottatt og stempla ved teknisk etat 30.07.98:

- Søknad om rammeløyve
- Teikningsliste
- Situasjonsplanar - teikningar - profilar
- Kvittering for sende nabovarsel
- Søknader om godkjenning av foretak for prosjektering
- Søknad om ansvarsrett for ansvarleg søkjar (SØK)
- Søknader om ansvarsrett for prosjektering (PRO)
- Søknader om ansvarsrett for kontroll av prosjektering (KPR)
- Oppgåve over prosjekteringsansvar
- Kontrollplanar for prosjektering

Brev frå Terje Nævdal datert 06.08.98 mottatt 07.08.98.

Dokument som er mottatt og stempla ved teknisk etat 18.09.98:

- Brev frå Bernt Helen Arkitekter A/S datert 15.09.98
- Revidert teikningsliste
- Revidert situasjonsplan
- Reviderte teikningar av fritidsbustaden
- Kvittering for sende nabovarsel

Brev frå Terje Nævdal datert 30.09.98 mottatt 01.10.98.

Sentral godkjenning for ansvarsrett mottatt 07.12.98.

Telefaks frå Tor Lien datert 17.12.98.

Saksutgreiing:

Søknaden gjeld rammeløyve for tilbygg til fritidsbustad i ein etasje, frittstående carport, anneks, og naust.

Brutto grunnflate for fritidsbustaden vert utvida frå 69 m² til 174 m².

Carporten vert 28,6 m². Naustet vert 56,4 m². Annekset vert 29,3 m².

Byggeforskrift 1997 er valgt som kjelde for prosjekteringa. Carporten er prosjektert i grensa til gnr.212, bnr.009. Fritidsbustaden har innlagt vatn og vasskloset og utslepp mot aust via slamavskiljar til sjø. Utsleppet vart bygt for omlag 25 år sidan og må oppjusterast til dagens krav.

Eigaren av gnr.212, bnr.009, viser i brev datert 30.09.98 til at carporten på situasjonsplanen er plassert langs grenselina til hans eigedom. Han meiner at carporten må plasserast 1 m frå grenselina.

Annekset bør etter bygningssjefen si vurdering gå ut, og arealet bør gå inn som tilbygg til hytta.

Naustet bør ikkje ha meir vindusareal enn det som trengs for eit naust. Vindusareala må reduserast vesentleg og vindauga må vera små.

I rammesøknadskjemaet er det oppgjeve 3 nye brukseiningar slik at talet på brukseiningar har vorte 4. Etter telefonsamtale med Bernt Helen er dette feil. Det skal berre vera ei brukseining.

Vedtak :

Rammeløyve vert gjeve i samsvar med søknad mottatt 30.06.98 på følgjande vilkår:


1. Tiltaket skal utførast i samsvar med bestemmelsane gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova av 14.juni 1985 med endringer av 1.juli 1997, og Byggeforskrift 1987.
2. I samband med den vidare prosjekteringa må merknadene frå eigaren av gnr.212, bnr.009 vurderast før innsending av søknad om igangsettingsløyve. Carporten må leggjast minst 1 m frå nabogrense.
3. Dei store glasflatene/vindauga i naustet må reduserast vesentleg slik at dei står i forhold til at bygningen berre skal nyttast som naust og skal ikkje ha hyttepreg.
4. Ekstra trong for areal til opphaldsrom eller boder må byggjast som tilbygg til hytta. Annekset må gå ut. (§ 17-2 i plan- og bygningslova)
5. Avlaupsanlegget må justerast opp til dagens nivå.
6. Friluftsnemndene må ha søknaden til uttale (kommunen oversender).

Godkjenning av foretak for ansvarsrett:

Bernt Helen Arkitekter A/S har sentral godkjenning fram til 19.11.2000 som ansvarleg søkjar SØK 210.3, ansvarleg prosjekterande PRO 210.3, PRO 221.3, PRO 222.2, PRO 223.2 PRO 231.1, og ansvarleg kontrollerande for prosjektering KPR , 210.3, KPR 221.3 KPR 222.2, KPR 223.2 og KPR 231.1.
Godkjenningsnummer 1998002252.

Om rett til å klaga på vedtaket, sjå vedlagde orientering (forvaltningslova 27, tredje ledd).

for bygningssjefen


Fridtjof Fosse
sakshandsamar

Kopi til: Tor Lien, Wallemsviken 42a, 5031 Laksevåg
Terje Nævdal, 5160 Eikangervåg